



BJERKREIMS NYTT



INFO TIL BJERKREIMBUEN
JUNI 2019



KOMMUNEHUSET Tlf 51 20 11 00

Opningstider:

Månd.-fredag kl 08.00-15.00

www.bjerkreim.kommune.no

DIM-RENOVASJON:

Returpult for glass og hermetikk finn du ved kommunehuset.

Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengt. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

BIBLIOTEKET Tlf 51 45 93 20

biblioteket@bjerkreim.kommune.no

Opningstider:

Måndag-tysdag-onsdag 15.00-19.00

Torsdag-fredag 12.00-15.30

Laurdag Stengt

ÅPNINGSTIDER I SOMMAR

Biblioteket er stengt 8. juli til 4. august

FORSIDEFOTO: 17. maifeiring på

Bjerkreim. Foto: Annette O. Nedrebø

NESTE NUMMER: Neste nummer

kjem ut før 1. september. Stoff til Bjerkreimsnytt må vere inne seinast tysdag 20.08 kl. 24.00. Skriv kort! Legg gjerne med bilete, helst i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til: postmottak@bjerkreim.kommune.no

UTGJEVAR: Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON: Ingunn Ognedal

TRYKKING: Jærprint

ANSVARLEG: Kulturkontoret

GRAFISK FORMGIVNING:

Vikeså Design og Profilering

Kan lastast ned frå

www.bjerkreim.kommune.no

Vikeså taxi:
51 45 19 00



ORDFØRAREN SITT HJØRNE

GODE BJERKREIMBUAR

Det har skjedd ein heil del positivt i kommunen den siste månaden. Først må eg få lov til å gratulera Brassbandet med nok ei flott forestilling. Eg er verkeleg imponert over alt det arbeidet de legg ned. Det krev utruleg mykje innsats/dugnad for å få dette til. Alt frå å velja emne, skrive tekstar, øvingar, kostymer, alle former for rigging av hallen og ikkje minst tre hektiske kveldar med framføring. Eg ser allereie fram til neste år (i nye Bjerkreimshallen).

Så må eg få gratulere Svanhild Gjedrem som ny rektor på Vikeså skule, og Elisabeth Bakke som ny rektor på Bjerkreim skule. Det er ei viktig rolle å ha, og det følger store forventningar til det. Spesielt når me ser på dei gode resultatata som kjem fram i Ungdata undersøkinga. Nå skal eg ikkje forlanga at de som rektorar skal vera ansvarlege for dette åleine. Eg er overbevist om at det er eit resultat av mykje godt arbeid som blir lagt ned frå barna blir fødde og heile vegen oppover. Her er det mange som skal ha ros. Reknar med at slike resultat er med på å motivera for å klare det om 3 nye år.

I etterkant av at Ungdata undersøkinga blei lagt fram, var det to jenter; Maria Kydland og Årunn Henriksen, som blei intervjuva av NRK-lokalen. Det som der blei sagt om tilbod i kommunen, og ikkje minst det at unge godtok kvarandre som dei er, gjorde meg stolt av å vera frå Bjerkreim. Håper alle respekterer kvarandre slik som disse to, då vil vi alle ha det godt.

Ha ei strålende sommar alle saman !



POLITISKE MØTE JUNI

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider: www.bjerkreim.kommune.no

PARTIA HAR GRUPPEMØTE måndag 3. juni kl. 19.00

FORMANNSKAP: Tysdag 4. juni kl. 16.00

LEVEKÅRSUTVAL: Onsdag 5. juni kl. 13.00

LMT-UTVAL: Onsdag 5. juni kl. 19.00

KOMMUNESTYRE: Onsdag 12. juni kl. 19.00

KONTROLLUTVAL: Måndag 17. juni kl 16.00



NAV BJERKREIM

I likhet med våre nabokommuner reduserer Nav Bjerkreim sine åpningstider.

Fra 01.06.19 har kontoret åpent

mandag, onsdag og fredag fra kl 12.00 – 14.00

På grunn av ferieavvikling har NAV Bjerkreim stengt i uke 27, 28 og 20.

I uke 27, 28 og 29 betjenes NAV Bjerkreim av Nav Eigersund sine veiledere, fra Nav Eigersund sine lokaler.

Vi følger da Eigersund sine åpningstider som er fra kl. 12.00.-14.00

- Telefonhenvendelser tlf. 55553333
- www.nav.no har åpent hele døgnet
- Benytt gjerne nav.no sine elektroniske løsninger



VAL

Kommunestyre- og fylkestingsvalet mandag 9. september 2019

Godkjende vallister

I Bjerkreim stiller følgjande parti lister: Arbeiderpartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Venstre. Dei er lagt ut på kommunehuset og på nettsida til kommunen (www.bjerkreim.kommune.no, under Politikk og Valg).

Kven har stemmerett?

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet har alle norske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av 2019, stemmerett. I tillegg har du som ikkje er norsk statsborgar, stemmerett dersom du har vore registrert som busett i Norge dei siste tre åra før valdagen, eller er statsborgar i eit anna nordisk land og er folkeregisterført som busett i Norge seinast 30. juni i valåret. Du må dessutan stå i manntalet.

Står du i manntalet?

Manntalet vil bli lagt ut til offentleg ettersyn frå veke 28 (rundt 10. juli), t.o.m. valdagen, på Bjerkreim Coop og på kommunehuset på Vikeså. Det er viktig at du som veljar sjekkar at du står i manntalet, spesielt om du har flytta til kommunen dette året. For å vera manntalsført i Bjerkreim kommune, må flytting vera registrert innan 30. juni. Den som meiner at vedkomande sjølv eller nokon andre er feil innført, eller ikkje står i manntalet til kommunen, kan krevja at valstyret rettar opp feilen. Kravet må vera skriftleg og grunngjeve og sendast til: Bjerkreim valstyre, postboks 17, 4384 Vikeså, eller postmottak@bjerkreim.kommune.no.

Vil du stemma på førehand?

Frå 1. juli, kan du avgje tidlegstemme i serviceavdelinga på kommunehuset, kl. 08.00 – 15.00. Perioden for ordinær førehandsstemming er frå mandag 12. august, t.o.m. fredag 6. september. Ved behov kan det avtalast førehandsstemming utanom kontortida (tlf. 51201100). Husk å ta med legitimasjon og valkort!

På Ørdsdalen grendahus vil det bli høve til å førehandsstemma onsdag 4. september kl. 13.00 – 15.00.

På Bjerkreim omsorgsenter vil det bli høve til å førehandsstemma torsdag 5. september kl. 13.00 – 15.00.

Vil du stemma heime?

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan koma seg til eit lokale og stemma på valdagen eller på førehand, kan søkja om å få stemma der vedk. oppheld seg (heime). Søknad om dette må vera mottatt av valstyret (kommunen) innan tysdag 3. september 2019, kl. 15.00. Skriv til: Bjerkreim valstyre, postboks 17, 4384 Vikeså, send e-post til: postmottak@bjerkreim.kommune.no, eller ring: 51201100.

Opningstidene på valdagen

kl. 10.00 – 20.00 på Bjerkreim bedehus.
kl. 10.00 – 21.00 på Bjerkreim kommunehus.
Husk å ta med legitimasjon og valkort!

Anna valinformasjon finn du på www.valg.no.



SOMMARLES

Snart er det klart for den digitale lesekampanjen Sommarles.no. Saman med barn frå over 380 andre kommunar, kan alle barn i 1. - 7. klasse i Bjerkreim kommune frå 1. juni, vere med på Noregs kulaste lesekampanje! Sommarles.no har vore ein stor suksess gjennom fleire år, og i fjor deltok meir enn 105 000 barn. Målet med kampanjen er å motivere barna til å lese så mykje dei berre orkar i løpet av ein lang sommarferie.

Sommarles.no gjer det gøy å lese!

- Sommarles er ein digital lesekampanje på nettsida Sommarles.no. Barna lagar seg ein profil, registrerer alt dei les i kampanjeperioden og får XP (poeng) for kvar side dei les.
- Sommarles.no er for barn i 1. - 7. klasse og varer frå 1. juni til 31. august.
- Barna får tilgang til ei spesialskriven forteljing av forfattar Mari Moen Hols
- I tillegg til XP, kan barna også gjere seg fortente til digitale trofé og kule premiar som kan hentast på biblioteket!
- Sommarles.no er utvikla av Vestfoldbibliotekene, Vestfold fylkesbibliotek og firmaet Snuti AS.
- Sommarles.no blir i 2019 leia av Finnmark fylkesbibliotek, Østfold fylkesbibliotek og Snuti AS.

Sjå: <http://sommarles.no/>

Bjerkreim folkebibliotek
ÅPNINGSTIDER I SOMMAR
Biblioteket er stengt 8. juli til 4. august



BJERKREIM HELSELAG

BINGO

kvar 2. onsdag i månaden i Børgestova
kl 13.30.

UTLEIGE AV DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar.
Ta kontakt med Ingbjørg Vassbø,
tlf 51 45 22 37, mob 486 03 535.

HAR DU PROBLEM MED HØYREAPPARATA?

Vi sel batteri og kan elles gje råd
og rettleiing om du treng det. Siste
onsdagen i månaden (ikkje juli og des.)
er vi å finne i kantina i 1. etasje på
sjukeheimen frå kl 14.00 – 15.00

Marit og Toril (likemenn HLF)

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Treff onsdag 12. juni kl. 18.30-20.30,
på personalrom, barneskulen, Vikeså
skule.

Alle er hjertelig velkomne!

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør. Godt kledd.
Godt miljø.


Vanlegvis kvar 1. onsdag i
månaden. Avreise kl. 10.00
frå Esso, oppmøte litt før.

5. juni går turen til Tjørn

3. juli går turen til Verslandsvatnet

7. aug. går turen til lvesdal - Dalen

*Arr. Fellestrådet for eldre og
funksjonshemma*



LOPPEMARKED

Litauens Venner har sitt årlige
loppemarked på Vikeså misjonshus
lørdag 17. august. Dørene åpnes kl.
10.00 og auksjonen starter mellom kl.
11.00 og kl. 11.30.

Vi tar imot lopper på Misjonshuset
torsdag 15. og fredag 16. august
mellom kl. 17.00 og 19.00. Større
møbler og gammelt datautstyr kan vi
ikke ta imot. Har du ikke anledning
til å levere lopper torsdag/ fredag, tar
Liv Gjedrem imot gjenstander, adr.
Gjedrem 49.

Litauens Venner i Bjerkreim vil gjerne
omsette loppene til penger som så vil

hjelpe barn i vår vennskapskommune
Plunge i Litauen.

Vi håper at mange tar turen til Vikeså
misjonshus denne lørdagen. Det blir
salg av kaffe og hjemmebakst.

HAGEVANDRING HOS MARIANNE LIEN

Tirsdag 04.06 kl. 18.00.

Felles avreise fra Esso kl. 17.45.

Det blir servert kake og kaffi.

Alle er velkomne.

Arr. Bjerkreim hagelag

BJERKREIMS-QUIZEN

tek pause i juni og juli.

Hautsemester KICK OFF:

onsdag 21. august kl. 19.30 på Vikeså
Veiservice.

Harald Andre Veen debuterar som
Quizmaster!

Startkontingent kr. 20,-. 4-mannslag.

VELKOMEN – Me har plass til fleire
på denne sosiale og uhøgtidlege
hjernetrimmen!

ÆTTESOGELAGET:

Tur til gøymeplassen på Berland

Tid: Torsdag 6. juni

Frammøte: Ved Kommunehuset på
Vikeså kl. 18, der me fyller bilane før
kjøring til Berland.

Me skal sjå staden der dei budde, fleire
av dei frå Vaule som måtte ryma under
krigen. Turen starta på Berland og går
for det meste på traktorvei og tek ein
liten time pluss pausar.



”HJEMME HOS”

Inviterer alle som vil komme til lovsang,
bønn og deleveld.

Tirsdag 4. juni kl. 19.30 på Gjedrem 50.

VELKOMMEN alle sammen



TUR MED ØRSDØLEN

Tirsdag 20. august blir det tur for
medlemmer i Bygdekvinnelaget. Båten
går kl. 18.00 fra Odlandstø og tilbake ca
kl. 22.00

Påmelding til Sigfrid, tlf 414 50 782.

Servering av suppe, ta med egen drikke.

Avreise fra Esso i privatbiler kl. 17.40,

Bjerkreim skule kl. 17.45

Arrangementet er gratis, første mann til
mølla prinsippet og kun for medlemmer
i Bygdekvinnelaget. Ikke medlem og vil bli
med, meld deg inn .

ÅSENDAGEN 2019

Søndag 14. juli. Det blir samarbeid med
Klokkargarden på Helleland.

Me startar på Helleland kl. 12.30 med
orientering og matøkt. Deretter kjører
me til Åsen. Dei som vil, kan gå, ca.
ein times gange. I Åsen blir det ymse
programinnslag, m.a. vil Kjellaug Bakke
dra fram Torvald Thu or minnet. Meir
kunnngjering seinare.

LÅVEFEST

Dato: 15. juni

Sted: Gjedrem 50

Kl. 15.00 Grill og salg av antikk

Kl. 19.30 Låvefest:

- Nyheter/film og innsamling til Hope Academy, Kenya
- Sang av Hannah Kristoffersen Kvitno
- Pizza

Arr. Window of Hope





VELKOMMEN TIL KLØGETVEDTTUNET SOMMEREN 2019

SØNDAG 16. JUNI KL 13 :

Sesongåpning med historisk eventyrdag. Ordfører Torbjørn Ognedal åpner. Sang av Tirla Blandakor. «Historier fra Kløgetvedt», guidet skuespill med Anne Margrete Vikeså og teaterlever fra Bjerkreim kulturskule

SØNDAG 23. JUNI KL 10:

Guidet tur fra Vaule til Tysland, og videre til Kløgetvedt, vi ser på både krigsminner og eldre kulturminner langs veien. Oppmøte på Kløgetvedttunet 09.30 for felles transport, evt på Vaule kl 10.00. Øvrig informasjon om transport vil bli annonsert i forkant av turen. Guider: Kåre Vaule og Jorunn Kydland

SØNDAG 18. AUGUST KL 13:

Foredrag ved Synnøve Grøtteland Helland: Minner om krigshandlinger på Grøtteland. Adgang kr 50,- pr person, da er kaffe og lapper inkludert i prisen.

SØNDAG 25. AUGUST KL 13:

Askeladden Dokketeater: «Jeg fant, jeg fant, sa Askeladden». Passer for alle aldre. Gratis adgang.

SØNDAG 1. SEPTEMBER

kl 13 – 16: Marknadsdag. Dersom du har lyst å delta med salg av egne hjemmelagede produkter, ta kontakt med Bjerkreim kulturkontor på tlf 988 80 147.

Alle dagene som er nevnt: Tunet er åpent kl 13 – 16. Salg av kaffe, te, lapper og enkle kioskvarer. Guiding.

Gratis adgang til tunet dersom ikke annet er opplyst.

VIKESÅ MISJONSHUS

www.misjonshus.no

05. juni kl 20.00 Bønnesamvær
17. august Loppemarked Lithauens venner.
Sjå eiga annonse
08. sept. Åpningsfest kl 17.00

VIKESÅ YNGRES

Høstsemesteret starter 19. august 2019
For gutter og jenter i 5. - 7. klasse.
Vikeså misjonshus kl. 19.00-20.15
Alle 5. klassinger er spesielt velkomne!

LEIGE AV MISJONSHUSET

til konfirmasjon i 2020.
Eventuelle ønske om å leiga Misjonshuset til konfirmasjonsselskap våren 2020 må vera leiaren i hende før 01. juni.
Tlf 51 45 22 37 eller e-mail: johan.vassbo@dabb.no
Eventuell trekning / fordeling den 3. juni

BJERKREIM BEDEHUS

www.bjerkreimbedehus.no
05. juni kl. 19.30 Bibelundervisning
10. juni kl. 12.00 Tur til Knuden (avreise ca. kl. 10.00)
23. juni kl. 19.00 Jonsokfeiring ved bedehuset
1. - 28. juli Reis gjerne til bibelcampingen i Lyngdal. Info på www.bibelcampen.no.
24. aug kl. 18.00 Samlingsfest
01. sept kl. 11.00 Endelig søndag, NLM kl. 11.15 Søndagsskule
03. sept kl. 19.30 Bibelundervisning, NLM

LEIGE AV BJERKREIM BEDEHUS

til konfirmasjon i 2020.
Frist for å søkja: 24.06.19. Det kan vera 2 parallelle selskap – eit i 1. etg. og eit i kjellar. Fint med beskjed om kva de ønskjer. Kontakt: Anne M. Slettebø, tlf. 99494785, epost: bjerkreimbedehus@gmail.com. Trekking vert føreteke like etter fristen.

DANSEGALLA 2019

NY BJERKREIMSHALLEN - 31. AUGUST

BILLETTER I SALG NÅ!



**HANNE METTE
BAND**



VELKOMEN TIL
GUDSTJENESTE

Sundag 2. juni kl. 11.00.

Konfirmasjonsgudsteneste i Ivesdal kapell. Song: Ylva Maria Brevik-Fuglestad.

Sundag 9. juni kl. 11.00.

Konfirmasjonsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Song: Monika Vassbø.

Sundag 16. juni

Friluftsgudsteneste i Lauperak. Sjå eigen annonse

Laurdag 22. juni kl. 12.00.

Dåpsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje

Sundag 23. juni, 30. juni, 7. juli og 14. juli:

IKKJE gudsteneste

Sundag 21. juli kl. 19.30.

Høgmesse med nattverd i Bjerkreim kyrkje.

Sundag 28. juli

IKKJE gudsteneste

Sundag 4. august kl. 11.00.

Høgmesse med nattverd i Bjerkreim kyrkje.

Sundag 11. august kl. 11.00.

Høgmesse med nattverd i Ivesdal kapell.

Sundag 18. august kl. 11.00.

G3 gudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Forsongarar: Sång Z.

Sundag 25. august kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Utdeling av 6 års bøker.

DØDE

19.04.19 Borghild Alida Gjedrem

24.04.19 Solveig Margrethe Skjæveland

07.05.19 Trygve Gåsland

17.05.19 Kåre Arne Vinningland

OPEN KYRKJE I SOMMAR.

Bjerkreim kyrkje er open frå kl. 17.00 – 20.00 desse torsdagane: 27.06, 04.07, 11.07, 18.07, 25.07 og 01.08. Velkommen innom!

Prestens ord

«For Herren vår Gud er sol og skjold» Sal 84, 12

På våren feirar me pinse. Pinse betyr at Guds varme når ned til oss. Pinse betyr at Gud kan nå oss. Me kan ikkje sjå Gud. Me kan ikkje ta på ham med hendene våre, men han er nær oss. Hendene hans rekk heilt hit ned. Akkurat som sola sine stråler. Me kan ikkje ta på desse strålene, men me kan kjenna varmen frå dei. Når me høyrer at Gud elsker oss, blir me varme inni oss. Når me høyrer at Gud vil passe på oss, kan me vere trygge. Når me høyrer at Gud vil tilgje oss, kan me vera glade. Pinse betyr at Gud kjenner oss og er nær oss. Han vil lyse for oss og varme oss.

Soknepresten

Kyrkje- valet 2019

Måndag 9. september 2019 skal det veljast 8 medl. og 5 varamedl. til Bjerkreim sokneråd. I tillegg er

det direkte val på leke medlemmar til bispedømmerrådet/Kyrkjemøtet. Det er 1 liste til soknerådvalet og 3 lister til val av nytt bispedømmerråd (lista til nominasjonskomiteen, bønnelista og åpen kirkegruppe).

Alle som har stemmerett ved andre off. val og som er medlemmar i Den norske kyrkja, har stemmerett. Før 10. august får alle medlemmar tilsend valkort.

Får du ikkje valkort og er medlem, ta kontakt med kyrkjekontoret.

Ved dei kyrkjelege vala kan også 15-åringane stemma!

Medlemskap i kyrkja kan kontrollerast i det kyrkjelege manntalet på kyrkjekontoret frå 10. august til 2. september.

FØREHANDSRØYSTING:

Det kan førehandsstemmast i alle kyrkjelydar i landet frå 10. august - 1. september (dersom du stemmer i annan kyrkjelyd enn der du bur).

Same frist gjeld førehandsrøysting frå utlandet. For dei som bur i Bjerkreim, kan det førehandsstemmast på kyrkjekontoret frå 10. august til 6. september på tys- og torsdagar kl. 9 – 14 og på Bjerkreim omsorgssenter torsdag 29.08 kl. 11 - 12. Det kan også avtalast tid utanom vanleg kontortid på tlf. 51201198. Oppdatert informasjon om kyrkjevalet på bjerkreimkyrkja.no og kyrkjevalet.no.

Nominasjonskomiteen si valliste til val av sokneråd:

1. Magnus Helland
2. Kjersti S Bjerkreim
3. Yngvar Nilsen
4. Monika Vassbø
5. Øyvind Sjøtrø
6. Oddrunn Veen
7. Gunnar Hågbo
8. Marte Versland
9. Per Inge Espedal
10. Annbjørg Gravdal Larson
11. Per Toralv Gjedrem
12. Gunn Kristin Bartels
13. Leif Gjedrem

TUR MED ØRSDØLEN – FRILUFTSGUDSTENESTE I LAUPERAK

sundag 16.juni.

Avgang frå Odlandstø kl. 11.00.

Gudsteneste ca kl. 12.00.

Pris for båtturen: kr 100 pr. stk t/r. Barn under 16 år gratis. Sal av grillmat, kaffi og lefser. Det er avtalt med grunneigar å kjøra til Lauperak og gå ned til vatnet dersom det ikkje er plass til alle på båten. Parkering i gardstunet til Tønnes Garheim. Tilbake i Odlandsstø ca. kl. 14.30.

KONFIRMANT VÅREN 2020

Tysdag 18. juni 2019 kl. 19.30 er det informasjonsmøte for neste års konfirmanter og foreldre/føresette på Vikeså misjonshus.

21. mai blei det sendt ut brev til neste års konfirmanter etter kyrkja sitt medlemsregister (født 2005). Ikkje fått invitasjon, ta kontakt med kyrkjekontoret. Velkommen.

FERIETIDA 24.06 – 12.08.

Enkelte dagar kan kyrkjekontoret vera stengd p.g.a. ferieavvikling. Kjem du til låst dør, vil det vera oppslag med tlf.nr du kan ringja. Kontortid i ferietida: tys- og torsdagar kl. 09.00 – 14.00. Soknepresten har ferie veke 26, 27, 28 og 29. Tlf kyrkjekontoret i Eigersund 51463330.

UTDELING AV 6 ÅRSBØKER!

Det vil bli delt ut bok til alle 6-åringar på gudstenesta i Bjerkreim kyrkje søndag 25. august og i Ivesdal kapell søndag 1. september. Me sender ut invitasjonar etter kyrkja sitt medlemsregister når det nærmar seg. Alle skulestartarar (f. 2013) er velkomne til å motta boka. Ta kontakt med oss på post@bjerkreimkyrkja.no eller tlf.: 51201198 dersom de vil ha invitasjon til nokon som ikkje står i vårt register.

LANDBRUK www.bjerkreim.kommune.no

NYDYR KING

Har du noko areal som er ferdig/vert ferdig dyrka dette året, er det fint om du gir beskjed til oss innan 1. august. Du vil verta kontakta av ein ingeniør frå Gjesdal som vi leiger til oppmåling av nydyrkingsfelt, slik at arealet kan verta med på søknaden om produksjons-tilskot. Sjekk at vilkåra i vedtaket for løyve til nydyrkinga er oppfylte, før du rekvirerer oppmåling. Kravet for at det skal verta gitt areal- og kulturlandskapstilskot for 2019, er at parsellen har vorte hausta eller beitt minst 1 gong i løpet av vekstsesongen.

ELEKTRONISK SØKNAD

Vil du søkja om tilskot til grøfting eller SMIL-tiltak, må alle frå 2019 søkja elektronisk gjennom Altinn. Ved å gå inn på heimesida til kommunen, finn du informasjon om desse tilskotsordningane, og link direkte til søknadssida på denne adressa: <https://www.bjerkreim.kommune.no/tjenester/naring-landbruk-og-miljo/landbruk/sokje-om-tilskot/> Mange vil kunna fylla ut søknadsskjemaet sjølv ved hjelp av gode forklaringar i programmet. Treng du hjelp av oss på Landbrukskontoret til å søkja, er det fint om du tek med deg Bank-ID-brikka eller tilsvarande, slik at vi får logga deg inn på Altinn.



INFORMASJON



Befaring og tilbud: 954 27 311

PITTERGARDEN VIKESÅ
☎ 415 14 836, 481 81 804

*Ull produkter, håndverk
Lokaler med særpreg:
Årsmålsdager, events, konserter.
Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn
Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarreberg.no. Tlf 481 81 804*



ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Gitar og Handverk DA

*Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreparasjoner og rekvisitasalg.*

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no
e-post: gitar-handverk@hesbynett.no

Kraftverket treningssenter

**SJEKK
SOMMERTILBUDET
VÅRT PÅ:
www.kraftverket-as.no**



 Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

Ope kvardagar
08 - 16

www.bjerkreimlegekontor.no



coop extra



COOP EXTRA VIKESÅ
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

COOP BYGGMIX/LANDBRUK
MAN-TORS 08.00-18.00
FRE 08.00-19.00 LØR 09.00-16.00

COOP MARKED BJERKREIM
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



Telefon 51 49 13 04

**ØNSKER ALLE
TO OG FIRBEINTE
EN FLOTT SOMMER!**

Heste- og stordyrpraksis: Tore Malmei 900 59 222
Maren Ommundsen Tuen 958 99 462
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Tlf. 95141920



*Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling*

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr
Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL 23.00 HVER DAG



**VIKESÅ
VEISERVICE AS**

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

VELKOMMEN INNOM!